

ÅRSMELDING 2006

Tillitsvalde i 2006-2007 har vore:

Styremedlemer:

Beint Foss, Tveit Historielag, formann
Anders Auen Grimnes, Vestre Moland og Lillesand Historielag, nestformann
Per Iversen, Mandal Historielag, styremedlem
Hallvard Tveit, Valle Sogelag, styremedlem
Ragnhild S. Larsen, Flekkøfjord Historielag, styremedlem
Jan Arild Andersen, Stokken Historielag, styremedlem
Turid Bjørkenes, Holum Historielag, styremedlem
Sveinung Lien, Tvedestrand Historielag, styremedlem

Varamedlemer:

Helge Wiig, Holum Historielag
Else Berit Berge, Birkenes Historielag
Liv Kirsten Rølland, Tveit Historielag
Kari M. Bruli, Kvinesdal Historielag
Olaf Ingebretsen, Vennesla Historielag
Torhild Austad, Bygland Sogelag
Ellen Ledaal Gjertsen, Arendal Historielag
Jan A. Ommundsen, Tromøy Historielag

Valkomiteen:

Ellinor Lundberg, Arendal
Jørdis Hodnemyr, Vennesla
Olav Arne Kleveland, Evje
Per T. Knudsen, Kristiansand

Revisor:

Ettersynet av rekneskapen er gjort av fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Sekretær:

Johnny Haugen, Evje

Verksemnda i laget:

Styret

Det har vore 3 styremøte og 25 saker til handsaming i 2006. I tillegg har leiaren og sekretæren hatt møte mest kvar veke heile året.

Sekretær

Johnny Haugen har vore sekretær i 20% stilling i 10 av månadene og i 30% stilling i to av dei (mars og november - 06).

Kontorlokale og arkiv

Lagskontoret har i 2006 vore i tredje høgda i det gamle statsarkivbygget i Kristiansand (no Stiftelsen Arkivet), i Vesterv. 4. Kontoret har hatt opningstider om måndagane og torsdagane. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

Årsmøtet 2006

Årsmøtet vart halde i "Obersten kurs- og selskapslokale" på Evjemoen laurdag 8. april 2006. Det var møtt fram 50 direktemedlemer og lokallagsrepresentantar. Forfattar Olav Mosdøl frå Kviteseid kåserte om utviklinga i det nynorske språket og om levekåra i Setesdal dei siste 100-150 åra. Blant sakene på årsmøtet, var medlemsverving, kontingentaue og fast årsmøteplass. Sistnemnde vart avgjort til førebels å vere Evje ettersom det ligg så midt i Agder som mogleg.

Medlemsutvikling

Agder Historielag hadde 860 medlemer den 31.12.2006. 37 av desse var lokallag. Nedgangen i medlemstalet er dermed snudd.

Årsskriftet 2006

Årsskrift nr. 82 vart sendt ut i byrjinga av desember 2006 og var på 256 sider. Årsskriftet vart trykt i 1200 eksemplar, og er det mest omfattande i lagets historie med sine 256 sider. For fyrste gong trekte historielaget inn andre organisasjonar i høg grad, ei erfaring som har vore heilt fin. I høve 100-årsjubileet til Noregs Mållag som

mållagssrørsla over heile landet feira, var det naturleg å trekkje inn Mållaga på Agder, dvs. Aust- og Vest-Agder Mållag. I redaksjonskomiteen sat Johnny Haugen, Beint Foss og Borghild Løver (Mållaga på Agder).

Egde

Medlemsbladet EGDE kom ut i to nummer i 2006. Redaksjonen for dette bladet var Johnny Haugen og Beint Foss. Bladet vart trykt i 1000 eksemplar og sendt ut til alle medlemene.

Internettside

Internettsida til Agder Historielag har diverre ikkje vore oppdatert i 2006 på grunn av ressursmangel.

Årsskriftkatalog/-register

Registeret er på 32 sider og inneheld titlane på alle artiklane som er publisert frå 1914 og fram til i dag. Katalogen er digitalisert og vil vere mogleg å finne på heimesida etter kvart. Dette særst viktige arbeidet er gjort av Hallvard Tveit i Valle. I tillegg er han i ferd med å digitalisere ALLE årsskrifta slik at ein etter kvart skal kunne få høve til å sjå dei på data.

Løylandprosjektet

Boka om folkeminnesamlaren Jon Løyland er på trappene; den kjem antakeleg ut i 2007.

Agders Historie

Det er kome ut tre band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.).

Det fjerde bandet (1640-1720) er venteleg ferdig i løpet av sommaren 2007, skriva av Ingeborg Fløystad. Det femte bandet (1350-1640), som Stein Tveite skriv på, kjem truleg i 2008.

I komiteen for Agdersoga sit Ingeborg Fløystad, Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Anne Tone Aanby, Berit Eide Johnsen og Rune Holbek.

Økonomi

Medlemskontingenten for 2006 var på 220,- kr., altså uendra. Vest-Agder Fylkeskommune gav eit driftstilskot på 70.000 kr., i tillegg til eit tilskot til Agdersoga på 50.000 kr. Frå Aust-Agder Fylkeskommune kom det 0 i driftstilskot og 50.000 kr. til Agdersoga. Eit nytt band i Agdersoga vart ikkje prenta i fjor, slik me hadde tenkt, men når det nærmar seg prenting, så går bankreservane ned. Dette er ei heilt naturleg utvikling når det gjeld Agdersoga, for alt som kjem inn av tilskot til denne skal gå til å dekkje utgiftene. I og med at Agdersoga ikkje vart trykt i året som gjekk, fekk me heller ikkje det salet me hadde budsjettert. Dermed er det ikkje så rart at det vart eit underskot på kr. 100.036 i 2006, som fordeler seg på kr. 74.883 som gjeld Agdersoga og kr. 25.153 som gjeld vanleg drift.

På lager har me ståande ei mengd bøker som sjølv sagt utgjør ein stor verdi, men som ikkje er synt i jamvektrekneskapen. For fleire detaljar, sjå rekneskapsversyn og revisjonsmelding.

Oppsummering

Historielaget har halde ein høg aktivitet òg i 2006. Sjølv om ikkje nettsida er vorten oppdatert, så er digitaliseringa som vert gjort av årsskriftutgjevingane heilt frå 1914 og fram til i dag eit utruleg viktig arbeid. Styret legg ned ein god og viktig innsats for laget.

Året me går inn i vil vere eit merkeår for historielaget. Me går inn i ei tid der me arbeider med nye lokale, heilt ny skrivar og fleire samarbeidspartnarar. Her talar me om sambruk av Bentsens Hus, eit lite senter for lokalhistorie midt i sentrum av Kristiansand. Den nye skrivaren byrja allereie før jul, og heiter Borghild Løver. Me tykkjer det er synd at Johnny Haugen sluttar hjå oss, men har stor forståing for at han vil vie seg fullt og heilt til doktorgradstipendet sitt. Me takkar for den særst viktige, gode innsatsen han har gjort og ynskjer han lukke til vidare!

Kristiansand, januar 2007

Beint Foss, leiar